

REFERAT

Vedlegg nr. 1

Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 07/2025 | **Klokkeslett:** 09.00- 10.15 | **Dato:** 12.12.2025

Møtestad: Teams

Saksbehandlar: Kari Gåsemyr

Dato: 15.12.2025

	Namn	Part
Møtedeltakarar	Ingrid Dahl Hovland	Vegdirektør, leiar i styringsgruppa
	Jon Askeland	Fylkesordførar, Vestland fylkeskommune
	Tone Oppedal	Avdelingsdirektør, Statens vegvesen
	Nina Bognøy	Ordførar, Alver kommune
	Tom Georg Indrevik	Ordførar, Øygarden kommune
	Terje Søviknes	Ordførar, Bjørnafjorden kommune
	Eivind Nævdal-Bolstad	Byråd, Bergen kommune
	Synnøve Stalheim	Direktør, Statsforvaltaren i Vestland
	Solveig Paule	Seksjonsleiar, Jernbanedirektoratet
Andre	Christian Fredrik Fotland	Alver kommune
	Ørjan Raknes Forthun	Askøy kommune
	Tor Corneliusen	Bergen kommune
	Roald Aandahl	Bergen kommune
	John Martin Jacobsen	Vestland fylkeskommune
	Torill Klinker	Vestland fylkeskommune
	Rune Haugsdal	Vestland fylkeskommune
	Anne Iren Fagerbakke	Vestland fylkeskommune
	Dina Lefdal	Vestland fylkeskommune
	Malin Bismo Lerudsmoen	Statens vegvesen
	Kristian Hella Bauge	Statens vegvesen
	Kjell Kvingedal	Statsforvaltar
	Astrid Håvik	Jernbanedirektoratet
	Kari Gåsemyr	Sekretariatet i Miljøløftet (sekretariatsleiar)
	Synnøve Vilsvik	Sekretariatet i Miljøløftet
	Anders Kjetland	Sekretariatet i Miljøløftet
	Kristina Vikesund	Sekretariatet i Miljøløftet
	Erlend Otterå	Sekretariatet i Miljøløftet

Innhold

Saksliste byvekstavtalen Bergensområdet	3
Sak 67/25 Godkjenning av innkalling og saksliste	3
Sak 68/25 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 10.11.2025	3
Sak 69/25 Høyringsuttale til forslag til nye indikatorar for areal og parkering	3
Sak 70/25 Sluttrapport BT4 - Bybanen	4
Sak 71/25 Fv5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartspuuter – aksept for ny ramme og utlysing	4
Sak 72/25 Eventuelt.....	5
Saksliste Bypakke Bergen.....	5
Sak 73/25 Forslag om å endre elbilrabatten i Bergen til 30 prosent	5
Sak 74/25 Takstvedtak for prisjustering av takstane i Bypakke Bergen	5
Sak 75/25 Eventuelt, Bypakke Bergen	5

Saksliste byvekstavtalen Bergensområdet

Sak 67/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjende.

Sak 68/25 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 10.11.2025

Jon Askeland hadde innspel til referatet som gjaldt siste avsnittet i sak 62/25. Det kan sjå ut som Vestland fylkeskommune har auka kostnader knytt til takstkjøp frå Jernbanedirektoratet, berre som følgje av auke i trafikk på Arnalokalen. Det riktige er at det samla takstkjøpet har auka og dette utgjør totalt 40 millionar.

Vedtak: Korrigerer referat vil bli lagt fram for godkjenning i neste møte.

Sak 69/25 Høyringsuttale til forslag til nye indikatorar for areal og parkering

Kari Gåsemyr, sekretariatet, orienterte om forslaget til nye indikatorar for areal og parkering og presenterte oppsummeringa som er gjort av partane sine høyringsuttaler.

I diskusjonen av saka tok fleire av partane ordet og argumenterte for at forslaget til nye indikatorar er utfordrande. Følgjande synspunkt og spørsmål blei nemnt:

- Det blei stilt spørsmål ved om det er eit mål eller **føremålstenleg å samanlikne byområda** når dei ikkje er like.
- Målet er at kvart byvekstområde når målet om nullvekst i personbiltrafikken. Spørsmålet er om ein nasjonal indikator vil hjelpe Miljøløftet i dette, eller om egne indikatorar vil vere betre.
- Det blei uttrykt uro for at indikatorane **utviklar seg til å bli førande** for korleis arealpolitikken skal vere i byområda
- Det er krevjande å støtte opp om forslaget fordi det **bryt med føringar i gjeldande regionale og lokale planar**. Kriteria som blir føreslått blir ikkje relevante for partane når dei ikkje tek omsyn til regionale og lokale planar.
- **Sykkel er blitt nedprioritert** i indikatorane. Bruk av sykkel tilseier større avstandar enn det indikatorane har lagt opp til.
- Det kan bli **krevjande å levere kollektivtilbod** med ti min frekvens i alle sentre der det er lagt opp til vekst.
- Forslaget frå arbeidsgruppa framstår som ei **skisse** som må bli arbeidd meir med.
- **Status for kriteria må bli avklart** før reforhandling.

Malin Bismo Lerudsmoen, Statens vegvesen, peika på at nullvekstmålet blir følgt opp ved eit felles minimum indikatorsett som gjeld for alle byvekstavtalane. Byindeksen er hovudindikatoren for å følgje opp nullvekstmålet. Dei andre indikatorane er supplerande rapporteringsindikatorar. Areal- og parkeringsindikatorane er mellom anna til for at styringsgruppa skal kunne følge utvikling over tid, sidan arealbruk er viktig for å nå nullvekstmålet. Like indikatorar medfører også at det blir lik behandling av byvekstavtalane i oppfølginga av dei. Det er likevel lagt opp til ei fleksibel tilnærming i operasjonaliseringen

av dagens indikator innanfor areal- og parkering. Ho viste til at det er mogleg å ha fleire indikatorar og at lokale indikatorar kan kome i tillegg til felles indikatorar.

Lerudsmoen viste til at styringsgruppa sine innspel er viktige for å sikre at det blir etablert ein indikator som er nyttig.

Styringsgruppa fatta vedtak i saka som sekretariatet vil ivareta ved oversending av høyringsuttale.

Vedtak: Sekretariatet vil sende eit høyringsinnspel til kommunal- og distriktsdepartementet som inneheldt:

- *Oppsummering av partane sine høyringsuttaler*
- *Sekretariatet sine eigne innspel til dei føreslåtte indikatorane for areal og parkering*
- *Partane sine enkeltvise høyringsuttaler*
- *Følgjande uttale frå styringsgruppa:*

Lokale partar stiller spørsmål ved om dei føreslåtte indikatorane tener føremålet. Det er nyttig å samanlikne areal og parkering på tvers av byvekstområda. Samtidig er det ulike føresetnader i byvekstområda og det er derfor viktig at indikatorane er tilpassa lokale forhold. Lokale partar meiner ein bør vere varsam med korleis indikatorane, slik dei er føreslått, blir nytta.

Sak 70/25 Sluttrapport BT4 - Bybanen

Anne Iren Fagerbakke, Vestland Fylkeskommune, presenterte saka. Ho viste til at saka er kjent og handtert i andre vedtak i styringsgruppa. Sluttrapport ligg no føre og fylkeskommunen tek med seg læring frå prosjektet vidare. Ho gjorde merksam på ein feil i rapporten knytt til saka og ville sende over ny rapport.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 71/25 Fv5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartsputer – aksept for ny ramme og utlysing

Ingrid Dahl Hovland, vegdirektør, innleia med å peike på at saker til styringsgruppa normalt skal behandlast i prioriteringsrådet først, og at dette er viktig når det gjeld saker som er knytt til god kostnadsstyring.

Dina Lefdal, Vestland Fylkeskommune, presenterte saka. Tiltaket har vore i handlingsprogrammet lenge, og hovudføremålet er å betre trafikktryggleiken og forholda for mjuke trafikantar.

Prosjektet er finansiert med fylkeskommunale midlar. Kostnadsestimatet som har lagt til grunn har vore for lågt og fylkeskommunen ønskjer å auke kostnadsramma før utlysing. Prosjektet er klart til utlysing no i desember. Tiltaket vil ikkje ha konsekvensar for budsjettet i 2026, men først for seinare år.

Vedtak: Styringsgruppa gir tilslutning til at tiltaket Fv5324 Hagerupsvei, Storetveitvegen–Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartsputer kan lysast ut, og legg til grunn ei ny økonomisk ramme på 89, 132 mill. 2025-kr for tiltaket.

Sak 72/25 Eventuelt

Tone Oppedal, Statens vegvesen, varsla om at det er ønskeleg å sette trafikktryggleik som eit punkt på agendaen til styringsgruppa over nyttår. Ho viste til at det er ei utvikling i byane over heile landet som gjer at det er grunn til å sette temaet på agendaen.

Saksliste Bypakke Bergen

Sak 73/25 Forslag om å endre elbilrabatten i Bergen til 30 prosent

Eivind Nævdal-Bolstad, Bergen kommune, orienterte om saka. Han viste til at det er eit riktig tidspunkt å legge fram denne saka no etter at byutgreiinga ligg føre, og tala viser ei utvikling som viser at nullvekstmålet ikkje lenger blir nådd. Vidare har inntektene gått ned og det er viktig å sikre finansiering til framtidige prosjekt i bypakke Bergen som Vågsbotn-Klauvaneset, Fløyfjellstunnelen og Bybanen til Åsane. Saka vil bli behandla i politiske utval i Bergen kommune og endeleg vedtak vil skje i bystyret i slutten av januar 2026.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 74/25 Takstvedtak for prisjustering av takstane i Bypakke Bergen

Kari Gåsemyr, sekretariatet, orienterte kort om vedtaket. Det var semje om at denne saka, og liknande saker, i framtida kan bli lagt fram for styringsgruppa som ei skriftleg orienteringssak eller meldingssak.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering. I framtida blir denne saka lagt fram for styringsgruppa som ei skriftleg orienteringssak.

Sak 75/25 Eventuelt, Bypakke Bergen

Ingen saker meldt.